

Møtebok FR 18.des. 2025

Råd/utval: Stord kyrkjelege fellesråd.
Tid: Torsdag 18. des 2025 kl. 17:00
Opningsord: Liv Kari
Stad: Kyrjekontoret i Sæ 21.

TIL STADES: Dag Sele (Stord), Knut Gram (Stord), Tormod Stautland (Nysæter), Ida Elin Hatlevik Tvedt (vara Nysæter), Jørgen Knudsen (geisteleg repr), og Liv Kari Bru (kyrkjeverje/dagleg leiar).

FRÅVER: Heine Kaldefoss (Nysæter) Tom Knudsen (kommunal representant)
Kommunal vararepresentant kunne ikkje møta pga kommunestyremøte.

Saksliste

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
---------	--------	------------

2025/35	012.1	Godkjenning av innkalling og saksliste. <i>Godkjent uten merknader.</i> Samrøysta vedteke.
---------	-------	--

2025/36	012.1	Godkjenning av møtebok frå fellesrådsmøte 06. nov. 2025. <i>Godkjent uten merknader.</i> Samrøysta vedteke.
---------	-------	---

2025/37	131	Økonomirapport pr. 31.11.2025 <i>Økonomirapporten pr. 30.11.2025 vert teke til vitande.</i> Samrøysta vedteke.
---------	-----	--

2025/38	112	Driftsbudsjett 2026 – endeleg vedtak <i>Stord kyrkjelege fellesråd vedtek det framlagde driftsbudsjettet for 2026.</i> <i>Dette budsjettet inkluderer utlysing av kyrkjeverjestillinga.</i> Samrøysta vedteke.
---------	-----	---

2025/39	111	Økonomiplan 2026-2029 <i>Stord kyrkjelege fellesråd vedtek den framlagde økonomiplanen for 2026-2029.</i> Samrøysta vedteke.
---------	-----	--

- 2025/40 113 Investeringbudsjett 2026-2029.**
Pga tidsmangel har ikkje kyrkjevevja hatt mulighet til å førebu denne saka godt nok til møtet 18.des.
Saka om investeringsbudsjett 2026-2029 vert utsett til neste møte.
Samrøysta vedteke.
- 2025/41 153 Kremasjonsstøtte 2026**
Stord kyrkjelege fellesråd refunderer kr. 1.000 av kostnadane til pårørande pr. kremasjon i 2026.
Samrøysta vedteke.
- 2025/42 002.3 Val av leiar og nestleiar i fellesrådet for 2026.**
Dag Sele er valgt til leiar i Stord kyrkjelege fellesråd for 2026
Heine Kaldefoss er valgt til nestleiar for Stord kyrkjelege fellesråd for 2026
Samrøysta vedteke.
- 2025/43 154 Innføring av betaling for «utanbygds» gravlegging.**
Stord kyrkjelege fellesråd vedtek å ta betalt for utanbygds gravlegging frå 01.01.2026.
Takstane blir som følgjer:
Kiste: Kr. 9000 + festeavgift i 25 år
Urne: Kr. 4000 + festeavgift i 20 år
Minnelund: Kr. 3000 + festeavgift i 20 år
Samrøysta vedteke.
- 2025/44 009 Møteevaluering 2025.**
FRÅ MØTET
Utsending av sakspapir minst ei veke før møtet.
Ein ynskjer fleire moment frå sakshandsaminga med i referatet – altså litt meir fyldige referat.
Det er betre med ein eldre, bearbeidd økonomirapport enn ein som er for ny og fersk.
Det kunne vore interessant å få ein rapport som samanliknar med resultatet frå tilsvarande periode året før.
Møtene er ryddige og godt gjennomført.


Stord kyrkjelege fellesråd tek møteevalueringa til orientering.
Samrøysta vedteke.

• **Referat, meldingar, orienteringar:**

- AU-vedtak, tilsetjing på gravplassen: Gartnar/gravplassarbeidar og ass.driftsleiar.
 - Ingvill Arnevik er tilsett som ass. Driftsleiar frå 1. april 2026
 - Anne-Mette Lønning er tilsett som gartnar/gravplassarbeidar frå 01.01.2026
- Nytt frå Stord Sokneråd v/ Knut & Dag
 - Budsjett
 - Solidus gjevarteneste
 - Evaluering
 - Møteplan, gudstenesteplan og takkoffer
 - Valg av leiar og nestleiar for 2026
 - Drop-in vigsle på Valentindagen laurdag 14. februar 2026.

- Nytt frå Nysæter sokneråd v/ Ida Elin & Tormod
 - Guro Betten og Ingebjørg Grønsdal har framleis permisjon frå soknerådet.
 - Marit Romfog er oppnemnt som 2. vara til Stord kyrkjelege fellesråd.
 - Unge Vaksne 18-30 Prosjektet. Soknerådet sa ja til å gå inn i dette prosjektet.
 - Økonomisk støtte til Sunnhordland prostiråd.
 - Budsjett 2026
 - Møteplan
 - Takkoffer.
 - Ny sokneprest.
- Referat frå Kyrkjestova Fredheim v/ Dag
 - Komiteen som har arrangert søndagskaffi har teke pause. Styret for Kyrkjestova oppfordrar andre til å arrangera samlingar av ulik karakter og med ulikt innhald på Kyrkjestova.
 - Arbeider med å få på plass varmestyringssystem.
- Nytt frå komiteen som arbeider med kyrkjelydshus v/ Dag
- Interpellasjon frå Tom Knudsen til Stord kommunestyret.
- Prøver å restarta dialog med grunneigar.
- Nytt frå staben:
 - Stillingar og status.
- Nytt frå gravplassane.
 - Prosjektering og planlegging av Frugarden byggetrinn II er i gang. Det er knytta stor spenning til om Stord sokn har nok ledige kistegraver fram til denne utbygginga er ferdigstilt og gravplassen klar til å takast i bruk.

Stord 18.12.2025



Liv Kari Bru

Kyrkjeverje/dagleg leiar/ref

Neste møte i fellesrådet er
Torsd.12.febr 2026 kl. 17:00